For oss som har etablert oss her og ønskjer å verta buande over tid er det viktig at det vert reist bustader som legg til rette for at folk vert buande over tid, så lenge at dei engasjerer seg i lokalmiljøet. Om det berre skal vera målet å få inn så mange bueiningar som mogleg, kan dette verta eit område med stor gjennomtrekk, der mange berre vert buande nokre år før dei flyttar vidare. Eit lokalsamfunn med plass til alle skal sjølv sagt også ha dei små byliknande leilegheitene, men det ser ut til at den utbygginga som alt er i gang dekkjer dette bra, i tillegg til at det er naturleg å tru at leilegheiter som vert bygde i Knarvik Sentrum nettopp vil vera av denne typen.

Kryssløysingane mot fylkesveg 57 og europaveg 39 er alt i dag kaotiske, og skal det

komma meir trafikk må det lagast gode løysingar. Rundkjøringar eller trafikklys med prioritert for dei som skal inn på vegen er det som kan løysa situasjonen, men begge stader ser det ut for at dette er vanskeleg å få til utan å gå veldig tett inn på eksisterande bustader. Det ,må sitja langt inne å ta hagen frå folk som har budd i Knarvik lenge, berre for å realisera ei utbygging av nye bustader midt i Lonene/friområdet.

**- Styret i Juvikstølen velforening -
ved Ketil Tjore, leiar**

Fra: [Merknad Merknad](#)
Til: [Post Opus Bergen](#)
Emne: Ny kommentar fra Melding om oppstart av privat reguleringsplan for Lonena Aust, gnr 185 bnr 284 m.fl, Alver kommune, planID 46312021003
Dato: søndag 5. september 2021 23:53:12

Ny kommentar fra **Melding om oppstart av privat reguleringsplan for Lonena Aust, gnr 185 bnr 284 m.fl, Alver kommune, planID 46312021003**

Navn : **Uttale frå Juvikstølen velforening**

E-post : **ketil_tjore@hotmail.com**

Kommentar : **Styret i Juvikstølen velforening har fått attendemeldingar frå folk som bur i det næraste området rundt området, etter å ha bedt om innspel på høyringa.**

Den klare responsen me har fått, er at utbygginga må vera i sterkt redusert omfang. Det vert frå mange peika på den verdien området har for idrett og friluftsliv.

Med bakgrunn i innspela har Juvikstølen velforening utarbeidd følgjande uttale:

Trafikk

Juvikstølen velforening ber om at Opus gjer nøye greie for/utarbeidar plan for trafikk- avviklinga i området. Vi har mange fotgjengarar, inkludert born, som nyttar området, og ingen å miste. Lonsvegen var i utgangspunktet bygd for å tola ei vidare utbygging i dette området, men trafikkutviklinga har likevel vore slik at kommunen i ettertid har etablert ei rekkje fartshumpar. Både frå gymnaskrysset og til idrettsanlegget, frå idrettsanlegget og bort til E39/Gjervik, og oppover forbi barnehagen. Tettleiken av fartshumpar tilseier at vegnettet ikkje toler auka trafikk utan at det vert etablert fotgjengarfelt på begge sider av vegen der dette manglar, og betre kryssløysingar for mjuke trafikantar (undergang).

Fartshumpane som er etablerte tilseier at det ikkje vil gå bussar i Lonsvegen. Det betyr at det i stor grad vil vera bil folk brukar også her. Erfaringa tilseier at det er for langt for dei fleste å gå til fots, særleg sidan det har ein tendens til å regna ganske ofte på våre kantar. Dette vil også ha noko å seia for behovet for parkeringsdekning, som bør vera det doble av talet bueningar (pluss gjesteparkering), og der ein bør leggja parkeringa under bakken for å ikkje bruka av viktig overflateareal.

Friluftstilbod

Velforeninga er uroleg for at ei for stor inngripen i naturen i området vil gje eit forringa tilbod til idrett og rekreasjon, særleg for dei som bur i området. Ei eventuell utbygging må vere nøye planlagt og så lite synleg som mogleg. Ei skjerming av Brekke-løypa og stiane er naudsynt.

Brekkeløypa og området inni og rundt er ei grøn lunge i Knarvik, som er mykje brukt både på dag- og kveldstid, og av både unge og vaksne. Med kombinasjonen av gruslagt løype og terrengstiar rundt kan alle finna ein veg med passelege utfordringar, anten ein er ung og sprek eller eldre og litt tung til beins, eller kanskje trillar på ei barnevogn.

På dagtid kjem det folk hit for å gå tur eller trenar, det er skular og barnehagar som

brukar løypa som friareal, og området er ein møteplass midt i Knarvik. Også barnehagar frå andre stader enn Knarvik kjem hit for å nytta dette arealet.

På ettermiddagstid er det mange som brukar Brekkeløypa, og det er eit kjærkome tilbod til alle vaksne som kjører borna til trening eller andre fritidsaktivitetar, og som her kan gå nokre rundar heller enn å sitja i bilen og venta.

Ein viktig kvalitet med Brekkeløypa er at grusvegen og stiane rundt er godt skjerma frå husa, og ein har ei oppleving av å vera ”langt til skogs” alt etter nokre få minuttsgange. Denne kvaliteten er heilt avgjerande for at løypa og stiane rundt skal ha sin verdi også i framtida, og ikkje verta redusert til ein gangveg på eit parkliknande areal midt mellom bustadblokker og rekkehus.

I Nordhordland og Gulen ser ein no at slike løyper er under planlegging eller bygging fleire stader. På Manger (Radøy) er ein klar med ei løype, i Eivindvik (Gulen) er ei grusløype tilpassa rullestolbrukarar på plass, og for to stader i Lindås er ”Brekkeløyper” prioriterte prosjekt i den gjeldande idrettsplanen (på Ostereidet og på Lindås).

Det vil vera trist om dagens Brekkeløype, som altså er eit føredøme for andre liknande løyper, skal missa sine kvalitetar akkurat i ei tid der ein bygger løyper andre stader.

Langsiktig planlegging

Juvikstølen velforening ber om at Lindås kommune er langsiktig i planane for utbygging av Knarvik, og at kommunen stiller seg sjølv spørsmålet om det er heilt naudsynt å nytte akkurat dette området, som i dag er mykje nytta som turområde, til utbygging.

Med det utbyggingsvolumet som er tenkt på dette arealet, har det eit omfang som gjer det naturleg å venta på rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Her er det ikkje tale om 10-20 bustader på eit avgrensa areal, som der er prosjekt for andre stader i Knarvik, men inntil 1500 bueiningar.

Ved å venta til rulleringa til kommuneplanen kan ein sjå denne utbygginga i samband med andre utbyggingsprosjekt i området, som Knarvik Sentrum, og for Midtmarka på Flatøy som kanskje kjem i same skulekrins.

Ved å venta kan ein hausta erfaring frå den utbygginga som har skjedd dei siste åra og som framleis undervegs, i stor grad langs Lonsvegen. Kva slags bustader vert bygd her, kva aldersgrupper tiltrekkjer det seg, og kva lokalsamfunn bygger ein i Knarvik med desse bustadene?

For oss som har etablert oss her og ønskjer å verta buande over tid er det viktig at det vert reist bustader som legg til rette for at folk vert buande over tid, så lenge at dei engasjerer seg i lokalmiljøet. Om det berre skal vera målet å få inn så mange bueiningar som mogleg, kan dette verta eit område med stor gjennomtrekk, der mange berre vert buande nokre år før dei flyttar vidare. Eit lokalsamfunn med plass til alle skal sjølv sagt også ha dei små byliknande leilegheitene, men det ser ut til at den utbygginga som alt er i gang dekkjer dette bra, i tillegg til at det er naturleg å tru at leilegheiter som vert bygde i Knarvik Sentrum nettopp vil vera av denne typen.

Kryssløysingane mot fylkesveg 57 og europaveg 39 er alt i dag kaotiske, og skal det

komma meir trafikk må det lagast gode løysingar. Rundkjøringar eller trafikklys med prioritert for dei som skal inn på vegen er det som kan løysa situasjonen, men begge stader ser det ut for at dette er vanskeleg å få til utan å gå veldig tett inn på eksisterande bustader. Det ,må sitja langt inne å ta hagen frå folk som har budd i Knarvik lenge, berre for å realisera ei utbygging av nye bustader midt i Lonene/friområdet.

**- Styret i Juvikstølen velforening -
ved Ketil Tjore, leiar**

Fra: [Tove Baldysz](#)
Til: [Post Opus Bergen](#)
Emne: Lonena utbyggingsplanene
Dato: søndag 5. september 2021 22:54:25

Til dere!

Jeg er sterkt imot utbygging rundt «Brekkeløypa». I området er der 2 barnehager i tillegg til skoler fra 1. trinn (barneskule) til siste året på videregående

Til sammen det rundt ca 2000 elever og ansatte som bruker det området, der dere tenker å bygge boliger på.

I tillegg er dette et myrområde som er viktig å bevare for miljø og folket som bor her. Bygg i sentrum av Knarvik, og la naturområdet leve.

Vennlig hilsen
Tove Emilie Baldysz

OPUS Bergen AS
Nordre Nøstekaiaen 1
5011 Bergen

MOTTATT
23 AUG. 2021

Saknr.: 21-009 Kommune: Alver gbnr. 185/284 m. fl Gardsnamn: Lonena Aust Dykkar ref.: P21000

Melding om oppstart av privat reguleringsplan- Lonena Aust i Alver kommune- planID 46312021003

Dokumentliste:


Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2021/	Inn	12.08.2021	Opus Bergen AS ved Monica Stoknes	Melding om oppstart av privat reguleringsplan	SH

NGIR har mottatt Melding om oppstart av privat reguleringsplan, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 12. august 2021



Stein Hansen
-Kunderådgjevar-

Opus Bergen AS
Strandgaten 59
5004 BERGEN

Vår dato: 02.09.2021
Vår ref.: 202113151-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 11.08.2021
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Lonena Aust - Gnr 185 bnr 284 m.fl - PlanID 46312021003 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 09.08.2021. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Lonena Aust. Foremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustadbygging.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkret innspel

Overvatn

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



De bør kartlegge eksisterende avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

ALVER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND





Statens vegvesen

OPUS BERGEN AS
Nordre Nøstekaiaen 1
5011 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/163059-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.09.2021

Uttale til melding om oppstart av privat reguleringsplan for Lonena Aust – gnr. 185 bnr. 284 m.fl. – Alver kommune – planID 46312021003

Vi viser til brev frå OPUS, dagsett 09.08.2021. Brevet gjeld melding om oppstart av privat reguleringsplan for Lonena Aust, gnr. 185 bnr. 284 m.fl., Alver kommune, PlanID 46312021003. Merknadsfrist er sett til 05.09.2021. Opus har bedt om at i innspel/merknad vert referert til prosjektnummer P21000 Lonena, med referanse til aktuell planflate 1/2/3.

Saka gjeld

Planområdet ligg i Knarvik og omfattar av 3 planflater på til saman omlag 72,5 daa. Planflate 1 omfattar utbyggingsområde for bustad, med tilkomstveg via Langheiane frå Lonsvegen. Tilkomst til utbyggingsområdet er planlagt frå den kommunale delen av Langheiane. Planflate 2 omfattar krysset fv57 Lindåsvegen –Juvikstølen. Reguleringsplan skal utgreie behov for utbetringar, samt regulere eventuelle naudsynte tiltak (signalregulering) i krysset. Planflate 3 omfattar krysset Lonsvegen– E39. Reguleringsplan skal utgreie behov for utbetringar og regulere eventuelle naudsynte tiltak i krysset.

Utbyggingsområdet for planflate 1 er sett av til bustadføremål i Kommuneplan for Lindås kommune 2019–2031, og regulert til bustadføremål i områderegulering for Lonena (PlanID 201610). Hovudformål med planarbeidet er å legge til rette for konsentrerte bustadar, med tilhøyrande tilkomst, parkering og leikeområde innanfor utbyggingsområdet.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Konkrete innspel til dette planarbeidet

Planområdet ligg nær skule og servicetilbod i Knarvik og arealbruken er avklara i vedtatt områdeplan for Lonea.

I/ved planområdet er det fylkesveg/kommunal veg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafiksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Krysset E39 – Lonsvegen ligg langs ei viktig sykkelrute i Alver. Gjennom arbeidet med reguleringsplanen (Planflate 3) skal ein utgreie behovet for utbetring av krysset. Eventuelt nytt kryss må planleggast i tråd med vegnormal N100 og reguleringsplanen må ta høgde for etablering av ei separert løysing for gåande og syklende langs E39 i forlenginga av områdeplanen for Knarvik sentrum. Avklaringar av løysing for eit eventuelt utbetra kryss må gjerast i samråd med Statens vegvesen.

Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafiksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Spesielt er Statens vegvesen opptatt av at kravet til oppdatert trafikkanalyse som ligg i gjeldande områdeplan, føresegnene punkt 3 e, vert stetta. Som det går fram av føresegnene må ein i planarbeidet ha eit særskilt fokus på innslagspunkt for tiltak/endra/tilpassa tiltak ved Fv. 57 og E39.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafiksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløyningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafiksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens [handbok V744](#).

Vi legg til grunn at vegteikningar for riksveg vert utarbeidde i samsvar med [Statens vegvesen sine handbøker](#).

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesen ber om å få vegteikningar for riksveg/kryss med riksveg tilsendt for gjennomsyn før planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi gjer merksam på at før andre enn Statens vegvesen kan utbetre/byggje ut riksvegstrekingar, kryss, avkøyrslar eller andre tiltak knytt til riksveg må det vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og utbyggjar.

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN



OPUS BERGEN AS
Nordre Nøstekaiaen 1
5011 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstartsmelding - Alver - 185/284 m fl - Lonena Aust - detaljregulering

Vi viser til brev mottatt her 16.08.21, med melding om oppstart av detaljregulering for Lonena Aust.

Hovudformål med planarbeidet er å legge til rette for konsentrerte bustadar, med tilhøyrande tilkomst, parkering og leikeområde innanfor utbyggingsområdet.

Vi forstår det slik at planforslaget i hovudsak er i samsvar med formåla i overordna plan. Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil følge opp krava i områdeplanen.

Natur og Friluftsliv

Lonena er eit område med store verdiar for både natur og friluftsliv. Det er viktig at reguleringsplanen utarbeidar gode løysingar for i størst mogleg grad å ivareta verdiane i området.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Barn og unge og folkehelse

Når ein planlegg for konsentrerte bustader er det særleg viktig å ha fokus på eit godt bumiljø, med gode møteplassar for alle aldrar. Vi minner også om at barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphald og som gir høve til ulike typar leik til ulike årstider. Areal må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf.



folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

Statsforvaltaren minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER

OPUS BERGEN AS
Nordre Nøstekaien 1
5011 BERGEN

Fråsegn til varsel om arbeid med privat reguleringsplan for gnr. 185 bnr. 284 m. fl., Lonena Aust planID 46312021003, Alver kommune

Vi viser til brev datert 09.08.21 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 185 bnr. 284 m. fl., Lonena Aust planID 4631202003. Hovudføremålet med reguleringa er å leggje til rette for konsentrerte bustadar med tilhøyrande infrastruktur. Føremålet er i hovudsak i samsvar med områdeplan for Lonena (vedtatt 26.09.19) der området er sett av til bustadføremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Arkitektur, estetikk og bukvalitet

Høg utnyttingsgrad i sentrale strok gir redusert transportbehov og er i samsvar med regionale planar.

Ny utbygging må bidra til å knyta saman nye og eksisterande struktur og karakterar i området. Grad av utnytting må tilpassast slik at ein skapar nye og gode kvalitetar i området. Planen bør tilføra området nye kvalitetar og tilbod. Utbygginga må bidra til å knyta saman dei einskilde delane av området, og fungera som ein naturleg del av området.

Planen må og legge til rette for sosial berekraft. I denne samanheng vekt på god bukvalitet med bustader som har god tilgang på skjerma uteareal, lys og luft. Det er viktig med variert storleik på bustadene for å legge til rette for ein meir mangfaldig samansetting av bebuarar og styrke området befolkningsstruktur. Krav til bukvalitet må vektast tyngre enn høg utnyttingsgrad.

Barn og unges interesser og universell utforming

Regional plan for folkehelse vektlegg at universell utforming må ligge til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga. Dette gjeld særleg løysingar for tiltak for å lette orientering og farbarheit i området for svaksynte og rørslehemma. Tilgjengelegheit til kollektivtransport, daglegvare og nærturområder gjer at fleire kan vere sjølvhjelpne i kvardagen uavhengig av alder og funksjonsnivå.

Regional plan for folkehelse sett retningsliner for lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. Gode områder for leik og borns opphald ute må sikrast. Kvaliteten på og tilgjenge til områda må vere såleis at born kan bevege seg til og frå på ein trygg og naturleg måte. Areal for opphald ute må utformast med høg kvalitet både estetisk og materielt og kunne nyttast av alle aldersgrupper. Leikeareal bør utformast slik at dei har god og attraktiv utforming og tilfører området gode kvalitetar både som leikeområde og møteplass.

Leikeareal bør utformast slik at dei er universelt utforma, har god og attraktiv utforming og tilfører området gode kvalitetar både som leikeområde og møteplass.

Regionale planar vektlegg at universell utforming må ligge til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga. Dette gjeld særleg løysingar for tiltak for å lette orientering og farbarheit i området for svaksynte og rørslehemma.

Gode stiar gjennom fellesareal og grøntområde vil styrke moglegheita til bruk av desse til leik, tur og som gjennomfartsåre for mjuke trafikantar. Ein anbefalar derfor å leggje til rette for ferdsle som er universelt utforma i desse områda.

Landskap og friluftsliv

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevningane, for å redusere eventuelle negative fjernverknader.

I regionale planar er det mellom anna som mål at det skapast gode, trygge og attraktive nærmiljø for befolkninga, og gode friluftsområde for alle. I dette ligg og behovet for areal ute med god tilgjenge til grøne kvalitetar. Planområdet er eit område med natur- og friluftsverdiar. Reguleringsplanen bør utarbeide løysingar som på ein god måte og i størst mogleg grad tek vare på desse verdiane. Tilgjenge til friområde og tilrettelegging for bruk av naturområda bør vere del av planen.

Folkehelse

Skjerming frå støy er ein viktig faktor for trivsel og helse. Støy bør greiast ut for i tidleg fase i planlegginga og bli lagt til grunn for plassering og utforming av bygg. Ved gode arkitektoniske løysingar vil ein kunne og syte for skjerming av bustader og trivelege uteareal.

Kulturminne

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi ber om at ein i den vidare planlegginga tek omsyn til kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging, og at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi minner også om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Samferdsel

Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkome langs fylkesveg. Omsyna er mellom anna forankra i regional areal og transportplan for Bergensområdet, og i rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest.

Generelle merknader


Vi ber generelt om at det vidare planarbeidet har fokus på desse punkta:

- Byggegrenser til riksveg/fylkesveg
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og vegnormalar
- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)

- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Trafikkanalyse som visar venta trafikkmengd i området

Særskilde merknadar

Denne planen omfattar utbyggingsområde for bustad som er regulert i Lonena områdereguleringssplan med planID 1263_201610 som vart vedteke september 2019. Denne omfattar fleire rekkjefølgjekrav knytt til infrastrukturen i området, som må takast omsyn til i detaljreguleringa.



Planområdet er delt inn og er omfatta av 3 planflater. **Planflate 1** som omfattar utbyggingsområde for bustad, med tilkomstveg via Langheiane frå Lonsvegen. **Planflate 2** som omfattar krysset fylkesveg 57 Lindåsvegen – Juvikstølen. «Reguleringsplanen skal utgreie for behov for utbetringar, samt regulere eventuelle naudsynte tiltak (signalregulering) i krysset. **Planflate 3** omfattar krysset Lonsvegen – E39.

Det vidare planarbeidet må vurdere kapasitet og utforming av kryssområda mot fylkesveg 57. Det må vurderast opp mot eksisterande bruk og dagens trafikkmengd og mot framtidig bruk og trafikkmengd. Dagens situasjon har fått lysregulering i kryss, men det må sjåast på kor mykje meir kapasitet det toler før det trengs ei utbetring.

Vi meiner det må utarbeidast ein trafikkanalyse i det vidare planarbeidet som viser det som er nemnd over. Dersom det vert avdekka behov for utbetring av kryssområda, må det leggjast ved tekniske teikningar for utbetringar av kryss i samsvar med handboka N100.

Vi vil vise til Miljøløftet kor det nasjonale målet er nullvekst i persontransport med personbil. Det må difor leggjast best mogleg til rett for mjuke trafikantar i planområdet. Og vi meiner og det må vera låg parkeringsdekning i utbyggingsområdet, i samsvar med nullvekst målet. Det må og setjast rekkjefølgjekrav til opparbeiding av relevante samferdselsføremål for å ivareta dei mjuke trafikantane i området.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/> .

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på arkitektur, estetikk og bukvalitet, barn og unges interesser og universell utforming, landskap og friluftsliv, folkehelse, kulturminne og samferdsel.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Arvid Hauge
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for PKF - plan, klima og folkehelse
Lillian Bakke Byrknes, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing
Berit Vik, avdeling for KII - kulturarv

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål